
Saknr: 2020/35693-2
Saksbehandlar Eva Moberg
Dato: 24.01.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Museumsstatistikk 2018

Om statistikken

Gjennom Kulturrådet sitt årlege tildelingsbrev blir det gitt retningslinjer om korleis staten ser føre seg utviklinga i musea som ligg på den statlege tilskotsordninga. Ordninga er basert på krav om rapportering innafor musea sine kjerneoppgåver, formidling, forskning og forvaltning. I tillegg skal musea gje ei oversikt over drift, organisasjonsform, økonomi og tilsette. Den siste delen omfattar publikumstal og tilgang til musea.

Museumsstatistikken blir utforma på grunnlag av budsjettsøknad og rapportering. Statistikken drar opp linjer og gir nyttig rettleiing om kvar det enkelte museum står i det store museumslandskapet og kan slik sett vere ei rettesnor på vidare utvikling. Ved å samanlikne statistikken frå eit år til eit anna kan dette gje ein indikasjon på utvikling og eventuelle nye satsingsområde. Statistikken viser ein museumsutviklinga på nasjonalt nivå i forhold til ei utvikling over 10 år.

Museumpolitikken i Vestland

Eit hovudmål i den regionale museumpolitikken er at musea skal utviklast som sterke kunnskapsentra og organisasjonar, og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.

I det nye Vestland fylke er det i dag 10 konsoliderte museum. Musea i Vestland får offentlege driftsmidlar i varierende grad frå fylke, stat og kommunar.

Gjennom eiga tilskotsordning på fylkesnivå, «Museumsløftet», har musea i tidlegare Hordaland vore i stand til å skape gode utviklingsprosjekt. Det er eit mål å tilpasse denne tilskotsordninga slik at ho mellom anna kan stryke satsinga på fellesskapsløysingar og bidra til forvaltninga av bygningssamlingane ved musea i Vestland.

Bygningsvernkonsulentane ved dei regionale ansvarsmusea har vore ei viktig satsing for Hordaland fylkeskommune i samarbeidet med musea og kommunar. Det er eit mål i gjeldande kulturplan Hordaland å styrke denne ordninga og gjere den gjeldande i større delar av fylket.

Det er store magasinutfordringar knytt til musea i Vestland. Fylkestinget har bedt om at ein samordnar og koordinerer arbeidet med å løyse desse utfordringane og at fylkesrådmannen legg fram eit forslag til finansiering av eit fellesmagasin (sak 2019/23).

Presentasjon av museumsbildet i Vestland i 2018

Vestland har 10 konsoliderte museum:

Baroniet Rosendal er eit lite museum sett i høve storleik på samlinga og årsverk (20,2)/fast tilsette (10). Det har stor eigeninntekt (ca 70%) og gode besøkstal.

Bymuseet i Bergen, har 61 årsverk, 53 % av samla offentleg driftstilskot frå KUD, gode besøkstal og samling som ligg på gjennomsnitt i høve årsverk. Etterslep på vedlikehaldsarbeid på gjenstandar og bygg. Låge eigeninntekter er ei utfordring.

Hardanger og Voss museum, er ein stor organisasjon, med 62 årsverk. Statleg driftstilskot utgjorde 43 % av samla offentleg tilskot. Museet har fleire avdelingar som er utforma som tradisjonelle folkemuseum, i tillegg til kunstmuseum og fartøyvernssenter. Verksemd knytt til formidling og samlingsforvaltning blir vurdert som gode. Museet er ein sterk aktør på fartøy- og bygningsvernfeltet. Museet arbeidar bra med alle museumsfaglege hovudområder, men har noko manglande planverk for innsamling og digitalisering.

KODE- Kunstmuser og komponisthjem, har 73 årsverk, 29% av offentleg tilskot var frå KUD. Besøkstala er vekslende. Samlingsforvaltninga har dårlege magasintilhøve, men dette er eit satsingsområde.

Museum Vest, blir rekna som eit mellomstort museum. Driftstilskotet frå KUD utgjorde 28% av totalt offentleg tilskot. Ein relativ liten samling, men med ein stor del farkostar. Museet har magasinutfordringar. Kan vise til gode forskingsresultat.

Bergens Sjøfartsmuseum, har vore eit lite museum med 13 årsverk i 2018, og med eit driftstilskot frå KUD på 44%. Storleiken på samlinga vert rekna som relativt liten. Magasintilhøva vert vurdert som dårlege, formidling og planarbeid vert vurdert som godt. Museet er i dag konsolidert med Museum Vest.

Museumssenteret i Hordaland, har 45 årsverk. Tilskotet frå KUD var på 48% av det totale offentlege tilskotet. Internasjonalt engasjerte gjennom nettverks- og EØS-program. Det har ei lita samling, der innsamlingsplanen er ein del av Nasjonal innsamlings og dokumentasjonsplan for tekstilindustri. Samlingsplan for Hordaland 2015-2020 viser til behov for nytt fellesmagasin for musea i tidlegare Hordaland.

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Kraftmuseet, er ein liten organisasjon med 16 årsverk. KUD utgjorde 72% av offentleg støtte. Museet manglar innsamlingsplan, men forvaltning av samlinga, som inneheld ei stor foto- og bygningssamling, blir vurdert som god.

Olav H.-Hauge-senteret, er ein del av det konsoliderte museet Nynorsk Kultursentrum, som har 24 årsverk. Tilskotet frå KUD er på 87% av det offentlege driftstilskotet. Museet skil seg frå tradisjonelle kulturhistoriske museum i både bestand og aktivitetar.

Sunnhordland museum, med 9 årsverk, er blant dei minste konsoliderte musea i landet. Av det samla offentlege tilskotet er 48% frå KUD. Det har blitt arbeid med avtaler med kommunane i regionen om fast tilskot til museet. Museumsrapporten gir eit vanskeleg vurderingsgrunnlag for dei museumsfaglege områda, som forvaltning av samlingane og bygningsvern. Museet arbeider med å styrke arbeidet med samlingsforvaltning.

Musea i Sogn og Fjordane, er ein stor organisasjon med 54 årsverk. 63% av samla offentleg tilskot kjem frå KUD. Museet består av 6 ulike museumsavdelingar, med totalt 14 formidlingsarenaer. Museet har store utfordringar knytt til samlingsforvaltning, der magasinforholda er dårlege. Museet dekkjer ein av dei største samlingane av farkostar i den nasjonale museumsnettverket, også i høve talet på årsverk. Museet har fått tilskot frå KUD på grunnlag av planar om å realisere ombygging av eit fabrikkbygg for å etablere eit fellesmagasin. Museet har etterslep på forvaltning av gjenstandar, bygningar, farkostar, landskap og anlegg. Det har vore utarbeidd sikringsplan og tilstandsregistrering av alle bygg. Museet er inne i ein omorganiseringsprosess med ønske om å betre og effektivisere arbeidssituasjonen.